

I ettertid ser ein at det er vanskeleg å sikre gode driftsresultat for ein organisasjon. Kan hende var ein for blåøygd. Om dugnadsanda var stor, hadde fylkeslaget stått seg på å leige bort drifta til folk som ville drive kaffistover for eigen rekning. Ein annan måte hadde vore å leige ut namnet "Dølaheimen" til ein seriøs drivar og hatt eit årleg utkomme.

Vår honnør går til Flå u.l og Samhald u.l. Geilo som lånte pengar til tiltaket. Med Henrik Ibsen kan ein vel seia:

"Evig eies kun det tabte"

Lagsfolk hadde satsa djervt, sterk og ueigennyttig. Minner er enno levande om den sterke innsatsen i lagsarbeidet etter den andre verdskrigen. Avviklinga av kafedrift må sjåast i den generelle nedgangsperiode for lagsdrift som kom i 1960 åra. Ein ny generasjon måtte tevla med TV apparatet som flytta kvardagen inn i stovene til folk.

Likevel greidde dei fleste ungdomslaga seg godt for ei tid. Nedgangen kom for alvor med dei kommunalt drivne ungdomsklubbane, som kunne drive med kommunal stønad og leigd hjelp. Idegrunnlaget og samarbeidsånden som ungdomslaga møysommeleg hadde bygd opp stod for fall. Ein kunne kan hende venta at politikarar som hadde fått si fyrste opplæring i leiing og møtestyring i ungdomslaga, hadde sett verdet av det frilynde lagsarbeidet.

Nye tider og nye politikarane har ikkje verdsett dugnadsarbeid og den samarbeidsånden det skapar. Det synes som vi er på veg inn i eit A4 samfunn, der alt kan regulerast. Så opplever vi at gleda blir døyvd. Vi har fått ein rastlaus ungdom som manglar utfordringar.

Dugnadsanda har aldri stoppa heilt opp. Der pengeløyvingar har mangla, har lokale krefter måtta trådt til. Endå til i "eit av verdas rikaste land"

Pendelen kan snu. Det burde vera plass for ein organisasjon, som på fritt og prestisjefritt grunnlag, kan vera med på å løyse saker av sams interesse. Og ikkje minst lære at ikkje alt dreier seg om pengar, men om medmenneskekunst.

*" - - Og kvar man visste i same ande,
at no var det kome ufred til landet - - "*

"I hine hårde dage" Torpomoen 125 år – 1834 - 1959

*Gamalt er folket, men umoge ungt er riket.
Flagget og far er nær jamgamle brør.
Vanmakt og fåkunne var det som heller enn sviket
gjorde at fridomen ikkje gjesta oss før,*

Øystein Kåsets manande ord innleidde festspelet "I hine hårde dage". Feiringa av Torpomoens 125 års jubileum som offentleg ekserserplass var i gang.

26. september 1959 kunne arrangørane Hallingdal Fylkeslag og Heimevernsskolen by publikum eit storveges historisk festspel. Det store sirkusteltet som var reist, kunne minne om det som sto der i 1834. Det var plass til 2-3000 personar. Uvanleg varmt haustvær gjorde at publikum strøymde til det som i avisene vart kalla "Hallingdal største festspel". Etter heile 5 framsyningar hadde bortimot 10.000 vaksne og skoleborn, inna- og utafor Hallingdal sett "I hine hårde dage".